

Helse Førde HF

Førde sentralsjukehus

6801 Førde

Vår ref.:
2007/381 - 2494/2007

Deres ref.:
2006/899

Saksbehandler:
Ingvill Skogseth, 51 96 38 12

Dato:
15.06.2007

Sommarstenging av forsterka fødestove ved Lærdal sjukehus

Vi viser til brevet frå Helseministeren datert 11.06.07 om sommarstengte fødeavdelingar. I brevet frå Helseministeren går det fram at økonomiske argument aleine ikkje skal vera førande for organisering av ferieavvikling.

Helse Førde HF har i brev til Helse Vest RHF datert 14.06.2007 gjort greie for planlagt sommarstenging av forsterka fødestove ved Lærdal sjukehus. Det er gjort greie for korleis sommarstenging av den forsterka fødestova går inn i ein samanheng med drifta og avvikling av ferie ved fleire avdelingar ved Lærdal sjukehus, spesielt operasjonsavdelinga.

Helse Vest RHF registrerer dei utfordringane helseføretaket har med avvikling av ferie på små einingar. Helse Førde har gjort greie for at økonomi er eitt av mange omsyn som ligg til grunn for vedtaket om sommarstengt fødestove. Helse Førde har og gjort greie for møte med leiing, tillitsvalde og verneteneste for Fødestova i Lærdal, og for drøftingsmøte om stengingsperiodar med tillitsvalde. Vedtaket om stenging ligg såleis lang tid tilbake.

Helse Førde HF peikar på særlege utfordringar med rekruttering av vikarar på dette tidspunkt. Planlagd ferieavvikling startar 18.06.07, dvs om 3 dagar. Drifta av fødestova er som kjent avhengig av erfarne jordmødrer og personell i vaktberedskap for å kunne gjere naudkeisarsnitt. Det er på det reine at fødestovemodellen krev jordmødrer som kjenner modellen og har erfaring med den samhandlinga med kommunehelsetenesta og dei lokale tilhøva som det er lagt opp til. Ein er vidare avhengig av fødselslegar som kjenner og aksepterer den forsterka fødestove-modellen.

Helse Førde peikar og på at arbeidsplanar, der sommarferieavvikling inngår, har vore ferdig og kjende for dei tilsette sidan før 1. mai. Lover, reglar og tidsfristar kring planlegging av arbeidstid er klare og er følgde av Helse Førde.

Helse Vest RHF ser desse problema, og støttar Helse Førde i dei vurderingane som er gjort nå. Helse Vest RHF vil spesielt peike på at ei hasterekuttering av jordmødrer og fødselslegar som reversering av stengingsvedtaket medfører, kan vere ein risiko for dei fødande. Vi ber likevel om at Helse Førde gjer ei vurdering om perioden med stengt fødestove kan reduserast sjølv om ferieavviklinga er nær føreståande, føresett at ein får tak i kvalifisert personell, jf brevet frå statsråden.

Helse Vest RHF legg til grunn at intensjonen i brevet frå Helseministeren blir følgt opp slik at dei fødande i Lærdal også i tida med ferieavvikling får eit fagleg forsvarleg og godt tilrettelagt tilbod. Dette inneber konkret at Helse Førde må sørge for at alle gravide som skal føde i perioden med sommarstenging i Lærdal vert identifiserte og kontakta, og vert informert om situasjon og det tilbodet helseføretaket vil gje, og om kor fødselen skal finne stad. Helse Førde må også sikre at dei fødande får følgeteneste i samarbeid med kommunane når det er nødvendig og elles får informasjon og rettleiing om korleis dei kan få hjelp ved behov. Det må ikkje vere tvil om at kvinnene som skal føde har fått informasjon og hjelp.

Helse Vest RHF ber om ei snarleg tilbakemelding på at dei fødekvinnene som blir berørt av sommarstenginga i Lærdal er registrert og har fått informasjon om dette og om kor fødselen skal finne stad.

Helse Vest RHF legg og til grunn at styret i Helse Førde HF tek omsyn til brevet frå Helseministeren datert 11.06.07 og legg dette til grunn ved seinare ferieavviklingar.

Helse Vest RHF vil legge saka fram for styret i møte den 27.06.2007 og tar atterhald om styret si tilslutning.

Med helsing



Herlof Nilssen
adm. direktør

Kopi: Helse- og omsorgsdepartementet